Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Aust Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Landvik

Emne: Brynet

Bygdelag: Övre nedre

Oppskr. av: Jørn A. Grimenes

Gard: Grimenes

(adresse): Landvik Grimstad

G.nr. 78 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Emne 3

Brynet

1.

Eg har ikkje höyrt anna benevning enn bryne her i vår bygd og for å bryne.

2

Her brukar vanleg bryne av Kunstein. Her var eit bryne som blei innførd her dei kalla. Gottlands bryne det skulde vera eit av dei beste bryne her var å få var innførd frå öya Gottland. Særleg etter gjekk dei brynestein frå Telemark eller dei trakter der austi der det var ein særskild stein slag som dei kunde ta ut og laga til bryne.

3.

Det er slett her at alle reidskaper fyrst blei slept kvast på ein slipestein og etter på kvessa med bryne. Hovlejernet blei jamt slipt på ein finare stein. Barberknivar sett dei helst opp hjå barberaren, han brukte ein serleg oljestein til slikt bruk.

4.

I gamle dagar før dei fekk ordentlige slipestein tynna dei ut eggen med ein hamar, men det var lang tid attende skikken med å slipa "jenen" og brukte 9257

Slipestein vart brukta heilt frå morfars tid. Det kunde vera i 50 åra. Skilnaden mellom slipegjær og tynnslegjær var den, at slipegjær vart tykkare på bakken av gjæen derimot var den gjæen som dei hamra ut tynnare. Dei hadde ein serskilt ambolt til tynnslegjær, men nokko serskilt namn på ambolten kjende eg ikkje til. Det var vanleg hver bonden som utførde tynninga av gjæen og dette måtte gjerast ei kvar tid før gjæen skulde brukast, dette vart gjort heime

5

Eg har lat meg fortelja av gamle folk, at i eldre tid var brukt ein sovorn stein som låg stille, og som dei slipte på ved å føra reidskapet fram og tilbake. Og slipa l.d. økser på den måten. Så dei gamle gav ein god egg. Steinen kalla dei brynestein. Slipesteinen brukta dei å ta med seg på slåttevolden hvis slåtteteigen låg lengere ut frå sjølve garden

6

Det er skilnad på kven som brukar gjæen. Eg tala mett med ein mann på mei alder 80 år. Han kunde fortelje, at han kunde greia seg med å slipa gjæen ei heil vika Elles måtte det jamt slipestein til.

7

Jau ein har ymse bryner til gjæen, først bryner ein gjæen med brynet, sidan brukar ein mykje ei stikka som er påstrødd sand, den kan ein bruka i lengere tid ho ser ut som ein spade men smalare av so ho er god å halda i. Ein har heldt brynestikka gjort ferdig heimanfrå ferdiglaga. Desse trebryner vert heldt laga av eikeplater. Slike trebryner kaller me: Brynestikka

8

Ein tar alltid gjæen av orvet, når ein skal slipa Når ein sliper haldar ein eggen frå seg. Ein vesslen [illegible]

9257

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

deng som me hadde i arbeid haldt altid ljåen med
eggen til seg, og han var god til å slipa

9

Ljåorvet held ein mot brystet, når ein bryner. det
er når det er langorv som vanleg vart brukt herne
I gamle dagar brukte dei stuttorv, og då sette dei
ljåen med enden mot marka og brynte han på den
måten

10

Koppen brynet blei boren i heiter „Brynekut". Han
er for det meste laged av blikk med lett vatn i

11

Det har eg ikkje hört nokko om, det kan nok vera
at det har vore brukt her, men eg har ikkje nokon
som har fortalt det.

12

Koppen henger til venstre sida, så han er lett å treva
til.

13.

Jau ein brukar brynet både med natur og kunst-
stein. Ein brukar vatn og olje på brynet, men
helst sand på trebryne.

14

Ein har eit serskilt namn av svetta som framkom
med ved bryning, me kallar det „brynesvetti".

15

Gamle folk segjer at brynesvetti var eit probat
middel mot ringorm.

16

Eg har ikkje hört nokko om det. Eg har nok høyrt
at brynet skulde bli betre med å grava det ned i
jorda

17

Eg har ikkje hört nokon om at dei har anvendt

9257

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

krymtsvarte mot kald ella styng

18

Det har eg ikkje hört nokko om her

19

Når ein spytta på krymet så ein spöy.

20

Eg kjender ikkje nokkon sovarm ranse her hjå oss.

Jonn A. Ennenes

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9257